



MODALEN KOMMUNE
Postboks 44
5732 MODALEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Celine Lunder, 5764 3106

Midlar til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar i 2023

Det er no mogleg å søkje Statsforvaltaren i Vestland om tilskotsmidlar til symjeopplæring for nykomne minoritetsspråklege elevar som har rett til grunnskuleopplæring.

Det er mange nykomne minoritetsspråklege elevar som ikkje har gjennomført symjeopplæring. Tilskotet skal bidra til å redusere risikoen for ulukker i samband med bading, og setje elevane i betre stand til å nå kompetansemåla i læreplanen.

Det er mogleg å søkje om inntil **kr. 1 750,- for kvar elev**. Ein kan søkje om tilskot for eitt kalenderår om gongen. Søknadsfrist er sett til 21. august 2023.

Det er berre kommunar med nykomne minoritetsspråklege elevar som kan søkje om tilskot.

Søknadsskjema og meir informasjon om tilskotet finn de på Statsforvaltaren i Vestland si [heimeside](#).

Aktuelle ressursar:

Ressursside om symjeopplæring: <https://svommedyktig.no/>

Rapport: evaluering av tilskotsordning for symjeopplæring for nykomne:

https://svommedyktig.no/contentassets/89050b68100c49e2a1483dab9166469a/rapport_tilskuddsordning_svommeopplaring.pdf

Med helsing

Mats Petter Sydengen
seksjonsleiar

Celine Lunder
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent